

## Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

**Natalia Golis (MDG)** sette på vegner av MDG, A fram slikt forslag:

«Tillegg

- Fylkestinget overfører mynde i akvakultursaker frå fylkesrådmannen til hovudutval for næring.
- Fylkestinget delegerer mynde til fylkesrådmannen i kurante saker, som beskrevet i saksutgreiinga.
- Fylkestinget ber også om at det vurderes om enkeltsaker kan handsamast samla for å kunne vurdere helhetlige regionale konsekvenser.»

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette fram slikt forslag:

(a) Tillegg

Fylkestinget gjev fylkesutvalet fullmakt til å fastsetje godtjersle for saksordførarar i inneværande periode.»

(b) Endring

Nemninga fylkesrådmann vert endra til fylkeskommunedirektør gjennomgåande i reglementa.»

### Avrøysting

Golis sitt forslag fekk 31 røyster (MDG, U, A, FNB, R, SV, V) og fall.

Øren Heen sitt forslag (a) vart vedteke mot 4 røyster (SV)

Øren Heen sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek vedlagt revidert reglement for folkevalde organ og delegering.
2. Arbeidsutvalet held fram med sitt arbeid, med mandat som går fram av fylkestinget sitt vedtak 29. september 2020.

Subsidiært, tillegg til punkt 1 dersom saksordførarordninga vert vidareført:

Punkt 3 Oppnemning:

Første avsnitt vert endra til: «Fylkesutvalet nemner opp saksordførar.»

Punkt 5, under *Saksordførar før fylkesrådmannen si tilråding ligg føre*:

Overskrift og avsnitt vert stroke.

Punkt 5, under *Generelt*:

Følgjande tekst vert lagt til: «Saksordførar skal koordinere eksterne innspel.»

Punkt 5 Arbeidsmåte:

Formuleringa «Saksordførar kan også oppmode fylkesrådmannen om å leggje fram særskilde utgreiingar i saka», vert endra til «Saksordførar kan på vegner av organ han er medlem i, oppmode fylkesrådmannen om å leggje fram særskilde utgreiingar i saka.»

3. Fylkestinget gjev fylkesutvalet fullmakt til å fastsetje godtjersle for saksordførarar i inneværande periode
4. Nemninga fylkesrådmann vert endra til fylkeskommunedirektør gjennomgåande i reglementa.